

### Møtereferat

## Hardanger og Voss Ungdomsråd

Torsdag 06.02.2020, kl 1400-1800 på Bygdahuset i Granvin

#### Til stades:

Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Ulvik herad:	Ungdomsrådsnestleiar Isak Hjeltnes
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Viveli Tveit , frå kl 1600
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole
Eidfjord kommune: Utsending	Ungdomsrådsmedlem Hedda Eriksen
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Håvard Botnen
Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Amalie Eide Aase
Kvam herad: Observatør	Ungdomsrådsmedlem Sander Eide Aase
Voss herad:	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Voss herad:	Ungdomsrådsnestleiar Daniel Lund

#### Ikkje tilstades

Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsleiar/-nestleiar
---------------------	-----------------------------

#### Andre:

Kvam herad:	Siv Håbrekke og Kari W. Vik
Ulvik herd	Ingvild Winters
Voss herad:	Eivind Djønne
Ullensvang kommune:	Vibeke , med på link på deler av møtet
Hardangerrådet:	Trude Lægreid Rinaldo

### Møtereferat for Hardanger ungdomsråd sitt møte 6.2.2020

- Håvard Botnen, leiar ønskte velkommen til møtet
- Håvard Botnen spurde om det var fleire saker til møtet.

### HU-sak 07/20 Hardanger UngdomsTING 2020.

- Planlegging gjennomgang av kva som ikkje er på plass endå- Må finna ut status på om BUUPP og statssekretær Grunde Kreken Almeland kjem på Ungdomstinget.
- Førebuing av spørjeundersøking som skal presenterast på Ungdomstinget.
- Ønskjer å laga ein plakat for å synleggjera helsesjukepleiarane ved skulane osv.
- *Invitera Astrid Anett Steine, oppvekstsjef i Kvam (KFL) og utfordra ho på spørsmålet: «Kva kan Kvam herad tilby av hjelp til ein ungdom som har det vanskeleg?»*
- Invitera helsesjukepleiarane til å fortelja om korleis dei arbeider ut mot ungdom
- Invitera utekontakten i Kvam til å fortelja om deira arbeid
- Invitera 1 person frå BUUPP (tilhøyrar evt. deltakar i debattpanelet)
- Alle ungdomsråda skal førebu spørsmål til debatt-panelet. (Sjå seinare i ref. !)

## **Spørsmål til spørjeundersøking i dei ulike kommunane/ herada:**

### **Psykisk helse:**

- Har du det vanlegvis bra?
- Har du vener som du kan snakka med?
- Føler du deg trist eller lei deg?
- Kjenner du på press?
- Har du nokon gong tenkt på å skada deg sjølv med vilje/ eller har skada deg sjølv med vilje?
- Har du nokon gong tenkt på å ta ditt eige liv?
- Føler du deg motivert på skulen?
- Føler du at du meistra kvardagen din?
- Veit du korleis du kan få hjelp?
- Er helsesjukepleiar lett tilgjengeleg på skulen du går på/ i nærområdet ditt?
- Kor alvorleg trur du at det må vera før du tar kontakt med helsesjukepleiar (lag svaralternativ i kva situasjon meiner du at det er viktig å snakka med helsesjukepleiar(1. Eg går med sjølvordstankar 2. Eg har berre lyst til å snakke med nokon 3. Har noko eg lurer på? 4.Eg har noko eg slit med? 5. Eg er lei meg)

### **Rus:**

- Har du nokon gong brukt eit av desse rusmidla 1. røyk 2. snus 3. alkohol 4. hasj 5. andre narkotiske stoff 6. Ingenting (moglegheit til å svara på fleire alternativ)
- Har du følt deg pressa av andre til å prøva eit eller fleire av desse rusmidla: 1. røyk 2. snus 3. alkohol 4. hasj 5. andre narkotiske stoff 6. Ingen
- Har du brukt nokre av desse rusmidla for å letta kvardagen (: 1. smertestillande 2. røyk 3. snus 4. alkohol 5. hasj 6. andre narkotiske stoff 7. Nei!)

### **Kollektivtransport :**

1. Korleis synest du at kollektivtransporten er i din kommune/ herad (sett opp i mot t.d. fritidsaktivitetane dine)?
2. Korleis meiner du at kollektivtransporten kan bli betre der du bur?
3. Ønskjer du tilbod om «bestillingsskyss» (Heim for ein 50-lapp!) i din kommune? / Har du behov for tilbod om «bestillingsskyss» (Heim for ein 50-lapp!) i din kommune?

### **Digitalisering:**

1. Vert smartboard nytta i undervisinga på skulen din?
2. Meiner du at lærarane har god nok kunnskap om digitale verktøy? (ulike svaralternativ 1. Ja 2. Nei 3. Veit ikkje
3. Meiner du at lærarane brukar for lang tid til å kople seg opp med digitale verktøy?

### **Mobbing:**

#### **Mobbing = Fysisk, psykisk, verbalt og digital trakassering (t.d. via Tellonym) over lengre tid**

1. Har du sjølv blitt utsett for mobbing (svaralternativ: ja/ nei)
2. Har du observert at nokon har blitt mobba? (svaralternativ: ja/ nei)
3. Dersom du svarte ja på spm. 2: Kva gjorde du i den situasjonen? (1. ingenting 2. prøvde sjølv å stoppe mobbinga 3. Ba om hjelp frå andre til å stoppe mobbinga)

**Spørsmål/ oppgåve/ tema til arb. Gruppene på Hardanger ungdomsting**

**Følgjande representantar førebur spm. til dei ulike arbeidsgruppene innan måndag 2.3.20:**

**Psykisk helsetilbod:**

Bjørk og Isak

**Kollektivtransport**

Sander og Mathilde

**Digitalisering i skulen**

Hedda og Daniel

**Mobbing**

Marcelius og Amalie

**Spørsmål til ordførar**

Håvard og Emilie

**HU-sak 08/20 Teamadag 03.09.20: Helsesista kjem**

(Presentasjon av undersøkinga)

Diskusjon om det skal arrangerast fleire arrangement t.d. 1. stk. på Voss og 1 stk. Kvam

**HU-sak 09/20 Gjennomgang saker melde ved møtestart**

- **Ullensvang kommune – reaksjon på Ullensvang kommune sin organisering av ungdomsråd**

**Fellesframlegg:** Hardanger og Voss ungdomsråd vedtar å stilla seg bak Kvam ungdomsråd sin uttale:

Kvam ungdomsråd reagerer på måten Ullensvang ungdomsråd vert organisert. Kvam ungdomsråd meiner at det er uheldig at politiske ungdomsparti har høve til å nominera eigne kandidatar til ungdomsrådet i Ullensvang.

Dette fordi det er viktig at personane som vert valt inn i ungdomsråd skal representera **alle** ungdomar i kommunen og ikkje politiske parti. Det er meiningane til ungdomane sjølve som skal stå i fokus, ikkje partipolitisk syn.

Kvam ungdomsråd refererer til Bufdir sin rettleiar for ungdomsråd

[https://bufdir.no/Familie/Tilbud\\_til\\_barn\\_og\\_unge/Veileder\\_for\\_ungdomsråd/oppstart\\_og\\_valg\\_av\\_ungdomsråd/](https://bufdir.no/Familie/Tilbud_til_barn_og_unge/Veileder_for_ungdomsråd/oppstart_og_valg_av_ungdomsråd/)

**Røysting:** Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

**Hardanger og Voss ungdomsråd vedtar å stilla seg bak Kvam ungdomsråd sin uttale:**

Kvam ungdomsråd reagerer på måten Ullensvang ungdomsråd vert organisert. Kvam ungdomsråd meiner at det er uheldig at politiske ungdomsparti har høve til å nominera eigne kandidatar til ungdomsrådet i Ullensvang.

Dette fordi det er viktig at personane som vert valt inn i ungdomsråd skal representera **alle** ungdomar i kommunen og ikkje politiske parti. Det er meiningane til ungdomane sjølve som skal stå i fokus, ikkje partipolitisk syn.

Kvam ungdomsråd refererer til Bufdir sin rettleiar for ungdomsråd

[https://bufdir.no/Familie/Tilbud\\_til\\_barn\\_og\\_unge/Veileder\\_for\\_ungdomsråd/oppstart\\_og\\_valg\\_av\\_ungdomsråd/](https://bufdir.no/Familie/Tilbud_til_barn_og_unge/Veileder_for_ungdomsråd/oppstart_og_valg_av_ungdomsråd/)

**HU-sak 10/20 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.** Denne saka vart ikkje handsama pga. fekk for lita tid.